



Innst. S. nr. 243

(2004-2005)

Innstilling til Stortinget fra utenrikskomiteen

St.prp. nr. 58 (2004-2005)

Innstilling fra utenrikskomiteen om samtykke til inngåing av ein samarbeidsavtale mellom Noreg og Eurojust for å styrkje kampen mot alvorlege former for internasjonal kriminalitet

Til Stortinget

SAMMENDRAG

EU-samarbeidet om kamp mot kriminalitet, som er ein del av samarbeidet på justis- og innanriksområdet, er blitt vesentleg styrkt dei seinare åra. Maastrichttraktaten, som trådde i kraft 1. november 1993, innførte føresegner om politi- og strafferettssamarbeid. Samarbeidet bygde på allmenne folkerettslege prinsipp, dvs. på konvensjonar. Denne delen av justissamarbeidet vart vidareført som folkerettsleg samarbeid under Amsterdamtraktaten, som trådde i kraft 1. mai 1999. Desse spørsmåla er nærare omtala i St.meld. nr. 27 (2001-2002).

I den nye EU-forfatningstraktaten vil det meste av samarbeidet på politi- og strafferettsområdet bli overnasjonalt ved at det vert lagt til fellesskapsinstitusjonane, på linje med anna samarbeid i Det europeiske fellesskapet.

Noreg er delvis med i politi- og strafferettssamarbeidet i EU gjennom assosieringsavtalen for Schengen-regelverket. Dette regelverket regulerer visse sider av politisamarbeidet, i tillegg til at det har enkelte reglar om gjensidig hjelp i straffesaker, ved utlevering og ved soningsoverføring.

Føresegnene i det opphavlege Schengen-regelverket blir etter kvart erstatta av nye instrument. I den grad denne utviklinga er ei vidareutvikling av Schengen-regelverket, deltek Noreg i utforminga av desse føresegnene. Det er ein føresetnad at Noreg godtek og gjennomfører desse reglane i nasjonal rett.

Størstedelen av politi- og strafferettssamarbeidet i EU fell likevel utanfor Schengen-regelverket. Noreg

har allereie inngått ein avtale med Den europeiske politieininga (Europol) som etablerer eit samarbeid på ei rekkje kriminalitetsområde, jf. St.prp. nr. 98 (2000-2001). Noreg har også underteikna ein avtale med EU om bruk av enkelte artiklar i konvensjonen om gjensidig rettsleg assistanse i straffesaker av 29. mai 2000, med tilleggsprotokoll av 16. oktober 2001.

Eurojust vart oppretta av EU-rådet den 28. februar 2002 som samarbeidsorgan for dei nasjonale påtale-maktene i EU-landa med sikte på å styrkje kampen mot alvorlege former for internasjonal kriminalitet. Organisasjonen held til i Haag. Eurojust er samansett av representantar for påtalemakta i dei einskilde medlems-landa, som til saman utgjer kollegiet, og ein mindre administrativ fellesstab. Kollegiemedlemmene arbeider på heiltid i Eurojust.

Eurojust skal fremje og forbetre koordineringa mellom medlemsstatane når det gjeld etterforskning og rettsforfølging, mellom anna ved å leggje til rette for gjensidig bistand i straffesaker og utleveringssaker. I tillegg skal Eurojust yte anna støtte med sikte på å effektivisere etterforskning og rettsforfølging. Kamp mot terrorisme er eit prioritert felt. Det same gjeld samarbeidet med Europol, som norske styresmakter legg stor vekt på.

Avtalen som er framforhandla, skal styrkje samarbeidet mellom Noreg og Eurojust når det gjeld alvorlege former for internasjonal kriminalitet, særleg organisert kriminalitet. Samarbeidet omfattar heile kompetanse-området til Eurojust.

Deltaking i dette styrkte samarbeidet på europeisk nivå vil etter Regjeringa si oppfatning gjere den norske påtalemakta meir effektiv i kampen mot alvorleg internasjonal kriminalitet og terrorisme.

Gjensidig informasjonsutveksling er ein sentral del av dette samarbeidet mellom påtale-maktene. Noreg og Eurojust vil kunne utveksle relevant informasjon i det omfang som er nødvendig for å oppfylle siktemåla med avtalen.

Avtalen krev at ein norsk representant vert utplassert ved Eurojust.

Avtalen antas å vere av ein slik viktigheit at Stortinget sitt samtykke er nødvendig i medhald av Grunnlova § 26 annet ledd.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Haakon Blankenborg, lederen Thorbjørn Jagland, Jens Stoltenberg og Gunhild Øyangen, fra Høyre, Julie Christiansen, Inge Lønning, Oddvard Nilsen og Finn Martin Vallersnes, fra Fremskrittspartiet, Morten Høglund og Christopher Stensaker, fra Sosialistisk Venstreparti, Kristin Halvorsen og Bjørn Jacobsen, fra Kristelig Folkeparti, Sigmund Kroslid og Lars Rise, og fra Senterpartiet, Åslaug Haga, viser til dagens kriminalitetsutvikling og at det stadig blir vanskeligere å skille mellom nasjonal og internasjonal kriminalitet. Økende mobilitet, sammen med store forskjeller i levekår, er en viktig del av bakgrunnen for at kriminaliteten i stadig større grad blir grenseoverskridende og organisert. Komiteen mener at når kriminaliteten er grenseoverskridende, må også mottiltak og rettsforfølgelse være organisert i et forpliktende samarbeid på tvers av landegrensene.

Komiteen understreker at en i kampen mot kriminalitet må samarbeide internasjonalt i alle ledd i straffesakskjeden. Det gjelder med hensyn til forebygging, etterforskning, domstolsbehandling og fullføring. Komiteen er kjent med at det internasjonale politisamarbeidet i hovedsak foregår i Interpol, Schengensamarbeidet og Europol. Også det internasjonale sam-

arbeidet mellom påtalemyndighetene har utviklet seg de senere årene. På verdensbasis skjer dette først og fremst gjennom "International Association of Prosecutors", mens det i Europa særlig er arbeidet i Europarådet og EU som er viktig for påtalemyndighetene. Innen EU er det særlig arbeidet i Eurojust og det rettslige nettverket som har direkte følger for påtalemyndigheten. Eurojust skal fremme og forbedre koordineringen mellom medlemsstatene når det gjelder etterforskning og rettsforfølgelse og gi annen støtte med sikte på å effektivisere etterforskning og rettsforfølgelse.

Komiteen har merket seg at avtalen som er fremforhandlet, skal styrke samarbeidet mellom Norge og Eurojust når det gjelder alvorlige former for internasjonal kriminalitet, særlig organisert kriminalitet. Samarbeidet vil omfatte hele kompetanseområdet til Eurojust. Komiteen mener deltagelsen i Eurojust vil gjøre den norske påtalemyndigheten mer effektiv i kampen mot alvorlig internasjonal kriminalitet og terrorisme.

Komiteen viser for øvrig til brev fra utenriksministeren som svar på spørsmål fra Senterpartiet, vedlagt.

Utkast til innstilling er forelagt justiskomiteen som ikke hadde merknader.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Stortinget samtykkjer i at det vert inngått ein samarbeidsavtale mellom Noreg og Eurojust for å styrkje kampen mot alvorlege former for internasjonal kriminalitet.

Oslo, i utenrikskomiteen, den 8. juni 2005

Thorbjørn Jagland
leder

Lars Rise
ordfører

Vedlegg

Brev fra utenriksminister Jan Petersen som svar på spørsmål fra Senterpartiet i forbindelse med behandlingen av St.prp. nr. 58 (2004-2005)

Jeg viser til de tre spørsmål oversendt til Utenriksdepartementet 26. mai 2005 og gjengitt i sin helhet nedenfor.

Vedrørende spørsmål 1:

Under punkt 3.3 i meldinga står det å lese at: "Eurojust-samarbeidet inneber ikkje regelutvikling, og norsk samarbeid med Eurojust kan difor ikkje samanliknast med EØS-samarbeidet eller Schengen-samarbeidet." Samtidig er Eurojust en del av rettssamarbeidet i EU, der det skjer en stadig dypere integrering, jf. blant annet meldinga punkt 2.1: "Den nye EU-forfatnings-traktaten har føreseger om Eurojust. Artikkel III-175 gjev heimel til å etablere ei europeisk påtalemyndighet innanfor Eurojust. Påtalemakta vil kunne etterforske og reise tiltale for nasjonale domstolar i saker som gjeld alvorlege grenseoverskridande bortsverk og unionens økonomiske interesser." Man kan således se for seg situasjoner der EU - i medhold av avtalens artikkel 20 - tar initiativ til endring av avtalen innhold. Hvilke prosedyrer ser regjeringen for seg å involvere Stortinget i forbindelse med en slik prosess, og hva vil eventuelt bli konsekvensene dersom Norge og EU ikke skulle bli enige om en revidering av avtalen?

Svar:

Som ikke-medlem av EU knyttes Norge til det praktiske samarbeidet innen Eurojust gjennom en samarbeidsavtale. Avtalen har selv bestemmelser om endringer, jf. artikkel 20, der det fremgår at dette krever gjensidig samtykke fra partene. En endring av avtalen vil i Norge måtte behandles etter de regler som gjelder for traktatsinnngåelser, og som også regulerer Stortingets medvirkning. Dersom partene ikke kommer til enighet om et forslag om å endre avtalen, vil den opprinnelige avtalen gjelde inntil den eventuelt sies opp av en av partene, jf. avtalens artikkel 19.

Vedrørende spørsmål 2:

Regjeringa skriver i meldinga under punkt 3.3 at "Noreg ser det som viktig å delta i størst mogeleg grad i det rettslege samarbeidet i EU, som no er i sterk utvikling." Ser regjeringa mulige utviklingstrekk i EU som

kan gi grunn for å revurdere denne oppfatningen, jf. ovenfor?

Svar:

Regjeringen ønsker at Norge deltar i kampen mot alvorlige former for internasjonal kriminalitet og terrorisme på europeisk nivå. Avtalen med Eurojust er i tråd med denne målsettingen, og vil etter regjeringens syn bidra til å styrke det nære og velfungerende samarbeidet som allerede eksisterer på justisområdet. Siden Norge står utenfor EU, vil vi kun delta i forpliktende samarbeid med EU på områder der vi har inngått særskilte avtaler.

Vedrørende spørsmål 3:

I samarbeidsavtalen artikkel 3 er det blant annet nedfelt at "For å få gjennomført denne avtales formål kan de kompetente myndigheter i Norge og Eurojust foreslå for den annen part å vurdere nødvendige tiltak." Regjeringa skriver i meldinga under punkt 3.3 at "ens kollegiet kan be om at den nasjonale påtalemyndighet i eit medlemsland set i verk tiltak, vil det ikkje vere aktuelt med omsyn til Noreg." Dette er en viktig presisering som - så langt vi kan se - ikke framgår klart av samarbeidsavtalen. Samtidig sies det i fortalen at "Norge og Eurojust er interessert i å utvikle et nært og dynamisk samarbeid". Kan regjeringen underbygge at Norge og EU har en felles oppfatning av Norges forpliktelser på dette området - nemlig at Eurojust overfor Norge kun kan foreslå å vurdere tiltak - og ikke har myndighet til å be om at nasjonale tiltak iverksettes?

Svar:

Eurojust kan anmode påtalemyndigheten i en medlemsstat i EU om å innlede etterforskning av konkrete forhold, jf. rådsbeslutningens artikkel 7. Vedkommende stat har ingen plikt til å iverksette etterforskning, jf. rådsbeslutningens artikkel 8. I samarbeidsavtalen med Norge er det tatt inn en ytterligere begrensning ved at påtalemyndighetene må nøye seg med å "foreslå for den annen part å vurdere nødvendige tiltak" (min understrekning), jf. samarbeidsavtalens artikkel 3, tredje ledd. Regjeringen anser at avtalen er klar på dette punkt.

